

## Læreplan i vg3 industritapetserarfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 25. juni 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 industritapetserarfaget handlar om industriell produksjon av dei mjuke delane av møblar. Faget skal medverke til å utvikle ei heilskapleg forståing av produksjonsprosessar og produkt. Det omfattar å utvikle yrkesutøvarar som kan vere med på å produsere, transportere, resirkulere og bruke materiale på ein berekraftig måte. Vidare skal faget medverke til å styrkje konkurransekrafta og innovasjonsevna til bedrifta i ein marknad der komfort, kvalitet og utsjånad er avgjerande.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg3 industritapetserarfaget skal bidra til å fremje respekt for menneske, miljø, maskiner og utstyr og leggje til rette for praktiske og varierte arbeidsoppgåver. Gjennom kritisk tenking og medverknad skal lærlingane utvikle forståing av samanhengen mellom ressursbruken i dag og behovet for å ta vare på ressursane for framtida.

### Kjerneelement

#### Helse, miljø og sikkerheit

Kjerneelementet helse, miljø og sikkerheit handlar om regelverk og rutinar for helse, miljø og sikkerheit. Vidare handlar det om korleis ein bruker riktig verneutstyr og rapporterer avvik. Det handlar òg om kva påverknad materiale har på miljø og klima, og om kunnskap om riktig handtering av avfall.

#### Produksjon og dokumentasjon

Kjerneelementet produksjon og dokumentasjon handlar om å planleggje og dokumentere prosessen med dei mjuke delane av møblar heile vegen frå idé til ferdig produkt. Det handlar òg om å velje materiale og forstå spesifikasjonar og instruksjonar, produksjon og dokumentasjon. Vidare handlar det om vareflyt, emballering og logistikk.

#### Teknologi og materiale

Kjerneelementet teknologi og materiale handlar om kunnskap og ferdigheiter innanfor arbeid med ulike materiale. Vidare handlar det om val av materiale knytt til komfort, kvalitet og estetikk. Kjerneelementet handlar òg om å nytte ulike reiskapar og verktøy i produksjonen og om automatisert produksjon. Det handlar òg om å drifte og halde ved like maskiner for industriell møbelproduksjon.

## **Tverrfaglege tema**

### **Berekraftig utvikling**

I vg3 industritapetserarfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å ta miljømedvitne val i produksjonsprosessen. Det handlar òg om val av råvarer og om å bruke berekraftige produksjonsmetodar. Vidare handlar det om ombruk av råvarer, å utnytte restar i produksjonen, å produsere møblar som er lette å kjeldesortere, og å energiøkonomisere produksjonen.

## **Grunnleggjande ferdigheiter**

### **Munnlege ferdigheiter**

Munnlege ferdigheiter i vg3 industritapetserarfaget inneber å kunne lytte og gi respons i spontan og førebudd samtale. Det inneber òg å kunne drøfte kvalitetskrav, produksjonsprosessar og faglege løysingar og å kunne fremje eigne meiningar.

### **Å kunne skrive**

Å kunne skrive i vg3 industritapetserarfaget inneber å kunne utarbeide dokumentasjon og rapportar for utvikling og planlegging av produksjonsprosessar tilpassa mottakaren og formålet. Det inneber òg å kunne dokumentere hendingar og leggje fram forbettringsforslag og å kunne nytte kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

### **Å kunne lese**

Å kunne lese i vg3 industritapetserarfaget inneber å forstå og kunne bruke arbeidsteikningar, arbeidsinstruksjonar, feilmeldingar, bruksretteleingar og datablad. Det inneber òg å forstå faguttrykk og faglege beskrivingar og å kunne nytte kjelder på ein kritisk måte som lar seg etterprøve.

### **Å kunne rekne**

Å kunne rekne i vg3 industritapetserarfaget inneber å kunne hente ut, beskrive og tolke informasjon frå talmateriale og å kunne kalkulere produkt og setje mål på arbeidsteikningar. Det inneber vidare å kunne utarbeide malar, stille inn maskiner og gjennomføre målingar og registreringar i samsvar med teikningar, skjema og standardar.

### **Digitale ferdigheiter**

Digitale ferdigheiter i vg3 industritapetserarfaget inneber å kunne bruke digitale ressursar til å søkje etter, kommunisere og hente inn informasjon

knytt til produksjon og dokumentasjon av arbeidsoppgåver. Det inneber òg etisk refleksjon og å vise digital dømmekraft.

## Kompetansemål og vurdering

### Kompetansemål og vurdering vg3 industritapetserarfaget

#### Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- vurdere og velje råvarer og produksjonsmetodar med omsyn til kvalitetskrav og miljøbelastning
- gjere greie for korleis ein kan nytte ressursane i bedrifta optimalt og lønnsamt
- velje og bruke verneutstyr og gjennomføre arbeidet i tråd med gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit
- vurdere behovet for og utføre enkelt vedlikehald og service på maskiner og utstyr
- vurdere og velje materiale med omsyn til kvalitet, estetikk, miljø, levetid og ombruk
- utvikle og bruke malar og arbeidsbeskrivingar
- utarbeide ein produksjonsplan i tråd med krav til produksjonsflyt
- berekne, utarbeide og bruke materialister i samsvar med produksjonsordrar
- utføre tilskjering, samanføyning, trekking og montering etter spesifikasjonar for eit produkt
- utarbeide ein kalkyle for eit produkt og vurdere lønnsemd knytt til produktet
- gjere greie for val knytt til produksjon, vurdere produktforbetringar og foreslå endringar knytt til produksjonen
- vurdere, velje og nytte teknikkar, maskiner og utstyr i tråd med produksjonsordrar og planar
- klargjere og emballere produkt for transport
- gjere greie for partssamarbeidet i bedrifta og reflektere over kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har, og kva krav og forventningar som er stilte til eit likeverdige og inkluderande arbeidsliv

#### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 industritapetserarfaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 industritapetserarfaget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingen kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

## Vurderingsordning

Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 industritapetserarfaget skal avsluttast med ei fagprøve. Alle skal opp til fagprøva, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på fire til fem yrkedagar.